

Haakon Aase Tørrmuring
v/ Haakon Aase og Øyvind Aase Fluge
k-fluge@online.no, ofluge@gmail.com
Littlebergen 29, 5919 Frekhaug

19. mai, 2024

Høyringsinnspeil til Riksantikvarens landbruksstrategi

Steingardane – særskilt viktige kulturminne

For det første er det særskilt viktig at Riksantikvaren tek steingardane på alvor i denne strategien. Steingardane er viktige fordi dei er med på å bremse anna strukturendring enn dei til spesifikke landbruksføremål. Strukturendringar i landbruket raserer kulturminne, og byggjer ned verdifull matjord. Det at ein har oppdeling i teigar er med på bremse denne nedbygginga. Sånn sett er det også med på å bevare slåtteengar, hagar, jordbruksmark, beite, m.m. Steingardane definerer kulturlandskapet i jordbruket på Vestlandet.

Men steingardane er også fantastiske byggverk og har store kulturverdier i seg sjølv. Det finst fleire ulike typer og kategoriar, som alle fortel unike historier om lokale handverkstradisjonar. Gamle steingardar kan i mange tilfelle tenkast å vere automatisk freda, sjølv om dei er vanskeleg å datere. Det er absolutt ikkje utenkeleg at dei eldste steingardane/bøgardane burde ha vore automatisk fredsverdig.

Nye steingardar fortel om utskiftingar og endringar i landskapet, om nye grenser og nye driftsformar. Dei som er bygd i seinare tid, kan blant anna sjåast som "skiljegardar" som er snorbeine. Bøgardane følgjer landskapet meir.

Den funksjonelle sida av steingarden i det gamle landbruket var eksempelvis eigedomsskiljer, brukshagar og lysthagar, utmark og innmark, beite og utmark. Reint estetisk står dei fram som vakre og typiske markørar i landskapet. Steingarden er eit vakkert bilet på det norske, og spesielt vestnorske jordbrukslandskapet. Det er ei veldig fin oppgåve for eit lokalsamfunn å ta vare på og reparere og vedlikehalde ein steingard. Det er mange historier som knyter seg til steingardane våre, og mykje av den nasjonale identiteten knytt til det småskala landbruket kan ein sjå i steingarden som kulturminne. Dei kan faktisk også ha ein funksjon den dag i dag, innafor definisjonen av ein litt meir småskala landbruksform.

Tilskotsordningar – Sveitsisk modell i Noreg?

Tilskotsordningane i landbruket har til no vore sentrert mot rasjonalisering og effektivisering. Det er eins med større eininger og større maskineri, og større landbruksareal. Det må være eit heilt uomgjengeleg krav at tilskotsordningane må dreiest mot meir arbeidsintensive og mindre landbrukseiningar enn det er i dag. Slik som det er gjort i Sveits er det også fullt mogleg å få til i Noreg. Høgdegardane i Sveits får mest økonomisk støtte frå staten. Småskalandbruket må oppretthaldast og hjelpast fram, ikkje dei store aktørane. Småskalandbruket, familielandbruket, og meir arbeidskrevjande driftsformar må prioriterast i Riksantikvaren sine tilskotsordningar. Store investeringar må ikkje få styre storleiken på tilskota. Krav og press om investeringar, og vekst som ikkje er berekraftig vil være negativt for landbruket.

Kommentarar til strategien

Dreneringssystem:

De trekk dreneringssystem fram som ein trussel mot kulturminne. Dette er nye dreneringssystemet? Ikkje heilt tydeleg. Dei eksisterande dreneringssistema, kisteveiter og andre veiter, er kulturminne i seg sjølve. Desse må også inkluderast og få ein plass i strategien.

Jordkjellaren:

Den vestnorske utkraga jordkjellaren, det er ein heilt spesiell og interessant bygningstype. Det er fordi den har ein openberr parallel til andre land kring om nordsjøen, og lags kysten. Langs kysten av Portugal og langs kysten av Sverige finn du fleire. Flest i Nordsjøområdet, ikkje minst i Irland, og Noreg. Same bygningsprinsipp ligg til grunn for dei eldste bygga på Orknøyene. Sjølve byggemåten er spenstig. Utkraging (Panteon i Roma har same type). Stein på Stein murast utover til dei til slutt møtast på midten øvst i taket.

Elveforbyggings og kanalsystem

Opne kanalar og elveforbyggings. Gjort for å hindre flaum og ras, og utvasking av jord. Dette er det gjort mykje av rundt omkring.

Gardflor

Gardflor eller uteflor. Dette var ofte brukt som sommarfjøs. Ein ser fleire stader at dei er bygd saman med, eller inn i, steingardar. Dette er interessante konstruksjonar i seg sjølve, og dei fortel mykje om tidlegare tiders driftsformer, om effektivisering og om å spare på materialar.

Terrasseringar:

Terrassering i landskapet, som regel ved hjelp av tørrmurte konstruksjonar. Spesielt i område der det er bratt terren. Her er det ofte bygd "lad" for å auke beitelandskap, og dette er karakteristisk for store delar av vest-Noreg. Dette vart bygd for å auke arealet til bodskap og for å få flata ut mindre område i ulent innmark. Gjort for å etablere mindre flater i jordbrukslandskapet.

Verkemiddel – betre samordning nødvendig

Det er alt mange ulike eksisterande verkemiddel, tiltak og ordningar som tek i vare kulturminne i landbruket. Men det er viktig at dei i framtida er meir samordna. Riksantikvaren har fleire ordningar der vil vere nyttig å sjå nærmare på samordning, både med eigne ordningar og tilskotsmidlar, men også med andre frå t.d. Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet,

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL):

Har hatt fleire møter med desse. Er det mogleg at UKL-landskapsordninga også kan kome med lovnad om nye tilskotsmidlar frå Riksantikvaren. Dersom det kjem meir midlar kan dette vere ein god ordning å dele ut tilskot gjennom.

UNESCO-område:

Geirangerfjorden og særskild Nærøyfjorden verdsarvpark. Her er store delar av verdsarvstatusen knytt til det typisk vestnorsk, småskala landbruk og jordbrukslandskap. UNESCO-områda skal forvaltast etter beste praksis, og ein må auke tilskota til landbruksdelen som omfattast av verdsarvstatusen.

Fjordkysten regional geopark:

Regionalpark og ein geopark. Ligg under nettverket norske parker. Dette er kanskje eit område ein kan trekke vekslar på med ein ny landbruksstrategi.

Utbyggingspress – den største trusselen mot kulturarven

Det generelle utbyggingspresset er skadeleg for kulturminne og kulturmiljø. Vegar, byggefelt, parkeringsplassar, kjøpesenter, hyttefelt, datasenter, m.m. Kulturminnevernet har mykje til felles med naturvernet, og kan i større grad trekke vekslar på kvarandre, både i frivillig sektor og i forvaltinga. Det er nødvending å få ei oppbremsing av utbygging. Hyttefelt er veldig problematisk, og ei stor utfordring både for natur- og kulturarv. Riksantikvaren, saman med andre statlege instansar, bør sikte mot ein nullvisjon. Ingen fleire hyttefeltutbyggingar med infrastruktur som følger med. Dette skadar kulturminne og kulturmiljø over heile landet.

Eit anna aspekt som er særskilt viktig er at ein, på grunn av utbygging og arealendringar, som rammar landbruket, og dyrka mark, er landbruket blitt tvungen til å dyrke opp utmark, myrar og nye areal. Dette som erstatning for areal som har gått tapt til utbygging. Det samla arealet med dyrka mark har ikkje gått så mykje ned, men landbruket har kompensert og bygd ut nye områder. Med stordrifta kjem det større arealbehov, og dette er også skadeleg for kulturminne i landbruket. Den generelle utbygginga i samfunnet vil generere behov i landbruket for å dyrke opp meir jordbruksareal. Dette er problematisk når vi freistar å stogge klimaendringane.

Tiltak – fleire forslag

Faglege samlingar og kurs er heilt essensielt for å få dei frivillige med på istrandsetting og restaurering av kulturminne og kulturmiljø. Det er nødvendig at dei får instruksar frå profesjonelle og kan lære. Vi må satse på å utdanne og lære opp folk som ikkje berre er flinke i handverksfaget sitt, men som også kan lære opp folk på kurs. Dette er ein eigen profesjon, og er utruleg viktig. Fleire handverkarar må få moglegheit til å skaffe seg kompetanse i å halde kurs. Dette må bli enklare, både gjennom frivillige organisasjonar og via utdanningsinstitusjonar.

Det seier seg sjølv at ein må stille meir økonomiske midlar til råd for å nå fleire av måla de sett i landbruksstrategien. Det nyttar ikkje berre å operere med ønskjemål, her må det fleire midlar inn. Det er sjølv sagt ein kampsak. Kva som skal brukast på kulturminnevern, opp mot andre ting. Det nyttar ikkje å

berre lage strategiar utan at det kjem pengar. Det må være god økonomi på alle plan. Både for eigarar og for handverkarar. Det å bruke pengar på kulturminnevern er ei god investering for samfunnet.

Ein må få fleire og betre sanksjonsmogleheter i den nye kulturmiljølova. Det er eit alvorleg samfunnsproblem at blant anna egedomsutviklarar får styre som dei vil og utnytte landbruksressursane nærrast utan konsekvensar. Vi må ha heilt handfaste, juridiske verkemiddel for å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø i landbruket.

Med venleg helsing

Haakon Aase